

## **MØTEBOK**

### **REGIONRÅDET FOR HALLINGDAL**

**Møtedato:** Onsdag 27.juni 2018  
**Stad:** Flå, Rovdyrsenteret/ Bjørneparken

#### **Desse møtte frå Regionrådet:**

Petter Rukke, Hol kommune  
Solveig Vestenfor, Ål kommune  
Heidi Granli, Gol kommune  
Tore Haraldset, Nes kommune  
Kristin Gullingsrud, Flå kommune

#### **Desse møtte frå administrasjonen**

Knut Arne Gurigard, dagleg leiar

#### **Desse møtte frå Buskerud fylkeskommune:**

Anne Sandum, fylkeskontakt  
Kjersti Bærug Hulbakk, regionkontakt

#### **Desse møtte frå rådmannsutvalet**

Trond Augunet, Hol kommune  
Tone Tveito Eidnes, Ål kommune  
Hege Mørk, Gol kommune  
Odd Egil Stavn, Flå kommune

---

### **SAK 27/18 GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL 25.5.2018**

#### **Vedtak**

Protokollen er godkjent.

### **SAK 28/18 TILSKOT PAN INNOVASJON (SIVA INKUBATOR)**

#### **Vedtak**

1. Regionrådet for Hallingdal løyver kr. 200.000 til Flå Vekst SA, som ansvarleg for etablering av samarbeidsavtale med Pan Innovasjon AS, for å drive inkubatortenester i Hallingdal, etter nærare avtale.
2. Midlane blir løyvd frå regionalt næringsfond.
3. Kontorstad for Pan Innovasjon vil vera Flå ein dag i veka, men ved behov møter i dei andre kommunane i Hallingdal
4. Regionrådet for Hallingdal føreset at Flå Vekst SA som prosjektansvarleg tek ein rolle slik at inkubatortenesta kan bli eit tilbod for heile Hallingdal, i nært samarbeid med Hallingdal Etablerersenter og Hallingdal Næringshage.
5. Utbetaling av tilskot vil skje etter nærare avtale, i tråd med gjennomførte tiltak.

### **SAK 29/18 KOMMUNALE SENGER VED IMA**

#### **Vedtak**

1. Rådmennene rapportera kva som er gjort i forhold til oppfølging av evalueringsrapportane med aktuelle tiltak og forbetningspunkt.
2. Det blir lagt opp til ei orientering i det einskilde kommunestyre, med ei nærare fastsatt orienteringsgruppe.

**SAK 30/18 HALLINGDAL KRISESENTER, FRAMTIDIG DRIFT**

Hege Mørk orienterte om forslag til framtidig drift av Hallingdal Krisesenter, som er sendt kommunane i Hallingdal for vidare handsaming. Forlag til løysing er eit vertskommunesamarbeid i Hallingdal med Gol som vertskommune.

Flå og Nes kommunestyre har handsama saka og støttar forslaget om at Gol kommune blir vertskommune for krisesentertilbodet i Hallingdal.

**SAK 31/18 EVENTUELT**

Prosjektet Vilt og Trafikk

Prosjektleiar Knut Erik Jetlund orienterte om prosjektet Vilt og Trafikk og søknad som er sendt kommunane for perioden 2018 – 2020. Søknad og prosjektrapport 2010 – 2017 og handlingsprogram 2018 – 2020 er lagt ved møtebok.

Filmprosjektet Fjord, Fjell og Vidde

Dagleg leiar Knut Arne Gurigard orienterte om status for filmprosjektet Fjord, Fjell og Vidde. Dette er eit samarbeidsprosjekt mellom Hallingdal og Hardanger, for å legge til rette for at desse regionane kan vera aktuelle innspjelingsstadar for internasjonale film- og tv-produksjonar.

Hallingdal 27.6.2018

Knut Arne Gurigard  
Dagleg leiar